



Forum Arkitekter AS
Damsgårdsveien 16
5058 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/744 - 19/9693

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
Madeleine.Fonnes.Aase@radoy.kommune.no

Dato:
20.06.2019

Midlertidig brukstillatelse - gbnr 45/188

Delegasjonssak nr.: 154/2019

Administrativt vedtak. Saknr: 154/2019

Tiltakshavar: Radøy kommune
Ansvarleg s kj r: Forum Arkitekter AS
S knadstype: S knad om mellombels bruksl yve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg s kj r har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erkl ert at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utf rt med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utf rt i samsvar med krav gjevne i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.06.2018.

Ansvarleg s kj r har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksniv  til   takast i bruk. F lgjande arbeid st r att:

1. Mindre kompletteringar.
2. Ombygging av eksisterande barnehage til Solhall 2.

Mellombels bruksl yve gjeld deler av tiltaket (Solhall 1).

Ansvarleg s kj r har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 15.08.2021.

Det vert elles vist til s knad motteken 31.05.2019, supplert 18.06.19 og 19.06.19.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det st r att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksl yve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Rad�yvegen 1625, 5936 Manger
Bygningstiltak:	Barnehage
Bygningsnummer:	9860614
Bruksareal:	1034 m2 + utvendig leikeareal 2920 m2.
Avl�p:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for Solhall 1 og utvendig areal på gbnr gbnr 45/188 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld deler av tiltaket.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 20.06.2020.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/744

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar Madeleine Fønnes Aase.

Med helsing

Silje Haukedal

konst. leiar teknisk forvaltning

Madeleine Fønnes Aase

rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Forum Arkitekter AS	Damsgårdsveien	5058	BERGEN
	16		
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger